Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Mjölk, Øl, Kaffi, te o.m.

Oppskr. av: Sigurd Vollset,

(adresse): Måndalen i Romsdal

Fylke: Møre og Romsdal

Herad: Voll

Bygdelag: Måndalen.

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Mest etter eiga røynsle.

SVAR

Mjölk.

1.

I manns minne har brukèn av mjölk skift ikkje så lite. Det største skiftet gjeld bruken av heilmjölk — mysila-mjölk, som vi seier her. Før i tida drakk dei aldri mysila mjölk. Dei hadde ikkje råd til det. Det var mest likså gale som å ete rømme eller drikke fløyte. Det galdt å få mest møzleg i smørdalen. For smør har alltid vore ei sers viktig salsvare. — Fløytt-mjölk; dvs. mjölk som hadde stått i vatn eit par døger, og som deretter vart fløytt, drakk dei litt av, eller hadde til grautasul, eller dei koka graut eller suppe av ho. Namnet skuma-mjölk

5630

var ikkje brukt før separatorane kom, for ei 50 år sidan, eller litt før. Då vart det brukt meir fersk mjølk enn før, - med fersk mjølk meiner eg då mjølk som ikkje er sur (skjør, saup).

Bruken av heil-mjølk har auka svært, - frå ingenting å kalle rundt 1900, til fleire liter i kvar familie no: Ingen, så å seie, vil lenger drikke skumma-mjølk, eller separator-mjølk, som er det vanlege namnet her.

2.

Leskedrykken ein laga før av mjølk, var helst mysa, eller myseblande (med vatn). Den var rimeleg i pris og var god i onnene, serleg slått-onna. Dei brukte myse jamsides med øl - eller til grant-sul og.

3.

Av mjølk laga dei før skjør, saup, myse, - alt kunne blandast med vatn om det



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

var lite mjölk på garden.
Skjör og saup blir bruka mykje no og, men myse og myseblande blir mindre brukt enn før.
Skjöret blir brukt ~~altåt~~ graut serleg, men og altåt sild og fisk – altså til drikke når ein ikkje har suppe. Så blir det brukt noko skjör til leskedrykk om sumaren.
På same måten på lag blir og saupet brukt.
Saup og skjör vart før, – ja, noko no og, brukt til soll. Dei braut flatbröd med i mjölka, og så stod det til brödet var mjukt. Då åt ein det med skei. Den som hadde råd til det, hadde og litt römme i sollen. Sume kalla dette römmesoll – endå det var berre ein liten del av væska som var römme.
Denne måten vart sers omtykt i slåttonna – til nons.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 5630

4.

Det er mange år no sidan dei på kvar gard hadde øl til kvardagsdrykk. Denne drykken har <u>stødt</u> vore kalla <u>øl</u>.
- For ei 30 år sidan var det mest på kvar gard bryggja øl til slåttonna, maltøl. Mange bryggja og til jul, men det var ikkje så vanleg. Dei bryggja oftast to slag øl ~~ei eller to tønne av kvart~~. Eitt slag øl var som regel lettare - tynnare - enn det andre. - Elles i året vart det ikkje bryggja så mykje, eller så ofte. Så ein kan ikkje seie at øl har vore <u>kvardagsdrykk</u> her i bygda i manns minne. Tidlegare var det så ymse. Var det nøgda av korn - bygg -, så bryggja dei fleire gonger om året, men var det dårlege år, så kornmengda var mindre, bryggja dei og mindre. Det var maten først og fremst om å gjere. Fråhaldsrørsla tok seg godt opp her rundt 1900, og etter

5630

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

den tida gjekk det nedover med
ølbryggingja. Så no er det berre
sers få som i det heile bryggjar
øl. Og her er ikkje mange
att av dei som kan bryggja
maltøl.

Vil dei ha øl no, dei som
ikkje kjøper frå bryggeria,
så kjøper dei maltekstrakt,
Gimle eller Tornten og tek
noko av sukkerrasjonen og
bryggjer sjølv. Det er lettvint
og billeg, - og det blir gjort
til jul og til slåttanna av
mange. Men storparten av
folket i bygda bryggjar ikkje
i det heile. -

Når maltølet hadde stått på
tønna så lenge at det vart
surt, så blanda dei det med
vatn, - og hadde dei råd til
det, så tok dei litt sukker og
hadde nedi og. Det vart då
god tørstedrykk.

Denne bygda høyrer ikkje til
dei bygdene der øldrikkinga
har vore så stor. Og dei bryggja
aldri ølet så sers sterkt her.
Øldrikking i nokon større
stil høyer førre hundreåret til
og før den tid att.

5630
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

# Kaffi.

## 5.

Kva tid dei tok til med kaffidrikking her i bygda, er ikkje råd å seie så visst. Men oldemor mi hadde ein svært liten kaffikjel som ho koka kaffi i kvar julедag i allfall. Men oftare i året vart det visst ikkje koka kaffi der i huset. Dette er 90-95 år sidan. Det var sikkert nok fleire slike små kaffikjelar i bygda då, som var i bruk i julehelga. –

Før den tid vart det koka kaffi til presten då han var her i annekset og preika. Han hadde med seg ein neve kaffikorn som han gav kona i huset der han budde (ein av største gardane i bygda). Ho koka då kaffi til presten. Men første gongen gjekk det gale. Ho hadde aldri laga slik drykk før, – og då kaffien hadde koka ei ri, tok ho

5630

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

7.

og slo vekk „söet", lògen, og serverte grūten til den gode prestemann. Slo var van med å slå vekk „söet" både når ho koka potet og fisk. Men presten vart ikkje så sers oppglödd for „kaffien" og så: „Nei, min gode Kone, det er vannet man drikker, ikke dette her". Så han vart ūtan kaffi denne gonga. Det var sikkert ~~[illegible]~~ ~~og~~ siste gongen der i huset.

6.

Kaffi vart kvardagsdrykk her i bygda rundt 1900.

7.

No drikk ein kaffi 3 gonger om dagen om sūmaren, og som regel 2 gonger om dagen om vinteren. Dette er ikkje heilt fast, men store avvik er det ikkje.

8.

Her lagar alle kaffi på same måten, kan ein seia. Ein har noko grovmalen

5630
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

kaffi oppi kjelen, der det før er vatn. Så kokar ein dette ei lita stund – til grùten søkk – og så er drykken ferdig. Sume har kaffien oppi i kokande vatn, og sume har han oppi kaldt. Sume seier det eine er best, og sume det andre. Klåreskinn blir brukt av og til. Aldri eggeskal eller salt. Men kaffien må vere klår. Det er svo få som spår i grùt no. Men ei og anna ùng gjenta gjer det då for moro. Nokon fast regel for dette arbeidet har eg ikkje høyrt om.

9.

Ein brùkar sùkker til kaffien, slikt som vi kallar klópt-sùkker, raffinade. Sume har farin eller ein sùkkerbit i kaffien. Sùkkeret, raffinaden, blir alltid kjøpt.

10.

Dei aller fleste vil ha fløyte i kaffien. Men

5630

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9. fleire og vil ha svart kaffi. Sume meiner det er sunnare, og sume synest det er betre. Før hadde dei ein smørbit i kaffien, dersom dei ikkje hadde fløyte. „Svart" ville ingen drikke han då. Det var skam å vere ~~så~~ fattig. Ost har aldri vore brukt i kaffien. Men sume har brukt vispa egg. Oldemor mi brukte sirup.

## Te.

11.

Ein drikk ikkje te til kvardags, har aldri gjort det her. Men mange drikk ein heil del te, - meir enn før. Te av heimelaga plantar har vore brukt ikkje så lite. Dei brukte blad av Rypebær, bringebærplanter, solbær, hyld, nesle og Kjerringrokk. Noko av dette, serleg det siste, vart brukt som medisin.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
5630

Brennevin.

12.

Brennevin vart ikkje mykje brukt til kvardags her i bygda. Men fritt var det ikkje, – t. d. ved ekstraarbeid og i onnetider. Av slikt ekstraarbeid kan eg nemne dugnad av ymse slag, som husstekkjing og tømmerkøyring til sætrane. Når slåttonna var ferdig, vart det brukt brennevin, men berre i små mengder som oftast. Det var ved helgane brennevinet vart drukke, før som no.

Nyare drykk.

13.

Av nyare drykk, som ymse slag kjøpeøl, selters og brus, blir lite brukt til kvardags. Men sumarhalvåret er det nok mange som kjøper brus, og brukar den drykken istadenfor kaffi og mjølk. Elles kjøper sume litt øl og om sumaren.

5630

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING